

# Årsmelding

## Ålfotbreen landskapsvernområde

### 2021



Alf Erik Røyrvik  
Verneområdeforvaltar

## 1. Generelt

Ålfotbreen landskapsvernombordet vart verna 9. januar 2009. Verneområdet er på 226 km<sup>2</sup> og ligg i kommunane Flora, Bremanger og Gloppen. Det første verneområdestyret vart konstituert 13. mai 2011 og sidan det har verneområdet blitt forvalta gjennom lokal forvaltning.

Ålfotbreen landskapsvernombordet er eit verneområde med krevjande klima og topografi. Store delar av området er vanskeleg tilgjengeleg og det er få bygningar eller andre installasjonar inne i verneområdet. Dette gjer sitt til at saksmengde og aktivitet generelt inne i verneområdet er mindre enn mange andre store verneområde. Samstundes gjev eit sopass urørt område gode sjansar for flotte opplevingar i storslått natur.

Etter kommune- og fylkestingvalet hausten 2019 vart det oppnemnt nytt verneområdestyre for Ålfotbreen. Det nye styret for perioden 2020-2023 vart konstituert 11.mars 2020 og det ser slik ut:

Namn	Funksjon	Representanter	Vararepresentant
Jacob Andre Telvik Nødseth	Styreleiar	Kinn	Anett Berg
Irene Storøy	Nestleiar	Bremanger	Henny M. Hansen
Janne Marie Solheim	Styremedlem	Gloppen	Per Ståle Husevåg
Åsmund Berthelsen	Styremedlem	Vestland	Frank-Willy Djuvik

Styret har hatt 3 styremøte i 2021, eitt på Teams, eitt i Gloppen og eitt i Florø. På desse styremøta har styret handsama 15 styresaker og 7 referatsaker.

Styremøte i Gloppen i juni vart kombinert med synfaring i Hope i Hyen. Styret såg på tilrettelegginga i Hope som innfallsport, på tiltaka som har blitt gjort på stien til Lavesteinen og hadde deretter styremøte ved Lavesteinen. Etter møtet gjekk delar av styret vidare til Gjegnabu.

## 2. Saker

Saksmengda i Ålfotbreen er framleis låg. Få bygningar, lite aktivitet og krevjande terregn avgrensar behovet for transport og anna motorferdsel. Etter å ha sett ei auke i saksmengda og mange enkeltsaker i 2020, so var vi tilbake til «normalen» i 2021 med berre tre enkeltsaker (søknad med tilhøyrande sakshandsaming og vedtak). Alle desse tre sakene gjaldt motorferdsel:

- SFE Produksjon fekk løyve til ekstra landingar med helikopter ved bremålingshytta nord for sjølve Ålfotbreen. Dei ekstra landingane var i samband med det fleirårige , faste løyvet dei har i tilknyting til bremålingar. Grunnen til at dei trengte ekstra landingar var vedlikehaldsarbeid på hytta. Løyvet vart gjeve med delegert mynde.
- Terje Johansen fekk løyve til å lande med helikopter ved Grøndalsstøylen i samband med transport av material til ei hytte der. Løyvet vart gjeve med delegert mynde.
- Norges teknisk-naturvitenskaplige universitet (NTNU) fekk løyve til å lande med helikopter på Ålfotbreen og bruke drone der i samband med vitskaplege undersøkingar. Løyvet vart gjeve med delegert mynde.

Verneområdeforvaltar har fått delegert mynde til å fatte vedtak i saker av kurant karakter. Det vil seie saker kor man har forvaltningspraksis eller retningslinjer og støtte seg på, og som ikkje er kontroversielle, prinsipielle eller kompliserte. Delegert mynde sørger for ei effektiv sakshandsaming og mindre byråkrati i dei kurante sakene og dei sakene som hastar.

Styret har handsama ein del administrative saker i 2021. Særleg interessant her er arbeidet med nasjonalparkstatus for Ålfotbreen. Styret har tidlegare fatta vedtak om at ein ønskjer at Ålfotbreen skal bli nasjonalpark. Miljødirektoratet og Klima- og miljødepartementet har no kome med sine innstillingar, og der er Ålfotbreen med på lista over tilrådde nasjonalparkar. No er det opp til Statsforvaltaren å køyre den naudsynte prosessen med lokal medverknad og høyringar, men her har styret sagt at dei og vil ha ei aktiv rolle som pådrivar og tilretteleggar.

### 3. Rekneskap

Ein enkel rekneskap for forvaltningsknutepunktet kan ein sjå nedanfor her. I og med at forvaltningsknutepunktet er felles med Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde, er det satt opp ein felles rekneskapoversikt.

2021	Felles/totalt		Naustdal-Gjengedal		Ålfotbreen	
	Budsjett	Kostnadars	Budsjett	Kostnadars	Budsjett	Kostnadars
Drift styre	190 000	99 431	90 000	51 160	100 000	48 271
Tiltaksmidlar	850 000	752 782	550 000	542 580	300 000	210 202
<b>Tot</b>	<b>1 040 000</b>	<b>852 213</b>	<b>640 000</b>	<b>593 740</b>	<b>400 000</b>	<b>258 473</b>

Vi har underforbruk både på driftsmidlar og på tiltaksmidlar i 2021. Mindre kostnadars til drift av styret skuldast mellom anna at eit styremøte vart avlyst, at eit vart gjennomført digitalt på Teams og at nasjonalparkkonferansen vart digital. Alt dette har redusert kostnadars til reise, møte og tapt arbeidsforteneste.

Vi har og eit ganske stort underforbruk på tiltaksmidlane. Mange av tiltaka her vart billegare enn estimert, noko som jo er positivt. Vi fekk mykje ut av pengane i år! Det er vanskeleg å sette opp nøyaktige estimat på førehand for tiltaka. Nokre tiltak som var tildelt midlar gjekk og ut og vart ikkje gjort noko med av ulike årsaker. Det bør nemnast at dei midlane vi ikkje brukar her ikkje går til spille, men vert nytta til andre nyttige tiltak i eller i tilknyting til vernar natur i Vestland. Meir detaljert om bruken av tiltaksmidlar kjem vi tilbake til i neste kapittel i årsmeldinga.

## 4. Tiltak / bruk av midlar

Ålfotbreen verneområdestyre fekk 300.000 i tiltaksmidlar for 2020. Av desse vart om lag 210.000 brukt på tiltak. Dei vart nytta slik det går fram i tabellen under.

Navn	Sum
Informasjonsskilt ved Straumsneskrysset	kr 47 275
Ny wire i Sælebotskora	kr 9 192
Tilrettelegging i innfallsport Førdedalen	kr 60 000
Ny bru ved Skarvevatnet	kr 25 500
Innfallsport Grøndalen	kr 48 235
Utbetring av veg i Hope	kr 20 000
<b>Totalt</b>	<b>kr 210 202</b>

### Informasjonsskilt ved Straumsneskrysset

Vi sette opp eit informasjonsskilt ved den nye busshaldeplassen i Straumsneskrysset. Skiltet er same type som vi tidlegare har sett opp på Stårheim og på Anda. Sjølve skiltet vart produsert av Stryvo og plakaten av Fluorlux. Vi har rammeavtale med Gravdal Skog- og Hageservice om tenestekjøp og det var dei som stor for sjølve monteringa. Sjå bilet i kapittel 8 i årsmeldinga.

### Ny wire i Sælebotskora

Vi har montert ein ny wire til å halde seg i, akkurat i starten av Sælebotskora på ruta frå Mettenes og oppover mot Skarvevatnet. Her er det eit smalt og litt luftig parti kor det tidlegare har vore montert ein wire. Den var nu klar for utskifting. Arbeidet vart utført av naturoppsyn, forvaltar og grunneigar/Midtre Nordfjord turlag i samarbeid. Sjå bilet i kapittel 8.

### Tilrettelegging i Førdedalen

Vi kjøpte inn ein gapahuk i 2020. Den skal settast opp ved Vasslidvatnet. Vi har i 2021 gjort avtale med ein lokal entreprenør og med grunneigarlaget om montering av denne i 2022. Kostnaden går likevel av midlane for 2021.

### Ny bru ved Skarvevatnet

Det var behov for ei ny bru ved utlaupet av Skarvevatnet, då den gamle vart teken av is og elv. Vi kjøpte ei ny type bru frå Arkeoplan i 2020, som vi monterte no i 2021. Sjølve monteringa vart utført av konstruktøren frå Arkeoplan, Statens naturoppsyn, forvaltar og Martin Mettenes (grunneigar og Midtre Nordfjord turlag) i samarbeid. Sjå bilet i kapittel 8.

### Innfallsport Grøndalen

I Grøndalen vart det laga til større parkeringsplass med nytt dekke og rastebord. Her startar ruta til Blåbrebu og det er i tillegg ein populær utfartsstad for toppturar på ski. Sjå bilet i kapittel 8.

### Utbetring av veg i Hope

Forvaltnigna har ting fleire lastebillass med veggrus som skal brukast i 2022 til å gruse og fikse opp vegen som går opp til parkeringsplassen på Nakkane i Hope.

## 5. Rådgjevande utval

Rådgjevande utval for Ålfotbrean landskapsvernombordet vart oppretta i 2014. Utvalet har bestått av representantar frå ulike verksemder og organisasjonar, og dessutan ein grunneigarrepresentant frå kvar kommune.

I 2019 vart utvalet evaluert og revidert av styret. Etter innspel frå utvalet sjølv vart det gjort nokre endringar i samansettinga, og nytt utval vart oppnemnt av styret. Rådgjevande utval for Ålfotbrean landskapsvernombordet for perioden 2019-2022 vert samansett slik:

- Sogn og Fjordane Energi
- Svelgen Kraft
- Keipen turlag
- Midtre Nordfjord turlag
- Flora turlag
- Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane
- Leidulv Solvang, grunneigarrepresentant Flora
- Grunneigarrepresentant Bremanger
- Ola Jan Birkeland, grunneigarrepresentant Gloppen

Rådgjevande utval hadde eit møte i 2021. Det var 21.september i Svelgen. I tillegg til representantane i utvalet møtte styreleiar Nødseth, styremedlem Berthelsen, naturopsyn og verneområdeforvaltar.

## 6. Administrativt kontaktutval

I 2021 har vi oppretta eit felles Administrativt kontaktutval for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombordet og Ålfotbrean landskapsvernombordet. Utvalet er samansett av administrativt tilsette i dei kommunane og fylkeskommunen som har areal i verneområda. Årsaka til at vi har eit felles utval er at både Gloppen kommune og Vestland fylkeskommune har same representantane for begge områda. Administrativt kontaktutval har hatt eit møte i 2021, det var 20.oktober.

Utvalet er samansett slik:

- Lindis Bergland Østgård – Gloppen kommune
- Torbjørn Brandsæter – Gloppen kommune
- Jon Anders Stavang – Kinn kommune
- Bjørn Henry Martinussen – Bremanger kommune
- Solfrid Trå – Sunnfjord kommune
- Birgit Tansøy – Vestland fylkeskommune

## **7. Forvaltar og forvaltningsknutepunkt**

Verneområdeforvaltar er Alf Erik Rørvik (busett i Hyen). Han vart tilsett 1.oktober 2011 og har vore i stillinga samanhengande sidan det. Forvaltaren har kontorstad på Forvaltningsknutepunkt Sandane, som ligg i 3 etasje i Krånavegen 3 (Sandane Senter).

Det faste naturoppsynet Rune Holen har i 2020 og 2021 jobba med prosjektarbeid, og derfor har Sverre Sæten vore engasjert av SNO sentralt for å vere lokalt naturoppsyn for Ålfotbreen og Naustdal-Gjengedal. Samarbeidet med lokalt SNO har alltid vore veldig godt, og det har det vore med Sverre og. Naturoppsynet er viktige og nyttige samarbeidspartar i forvaltninga, i handsaming av saker og særleg i planlegging, oppfølging og gjennomføring av tiltak.

Forvaltningsknutepunktet på Sandane har i 2021 vore kontorlass for verneområdeforvaltaren, begge dei to naturoppsynstillingane og for nasjonalparkforvaltar Tor Arne Hauge i Jostedalsbreen. Vi har eit særskilt godt og triveleg miljø der, både fagleg og sosialt.

Forvaltaren er tilsett hjå Statsforvaltaren i Vestland, i Naturmangfaldseksjonen – Miljøavdelinga. Statsforvaltaren har ingen fagleg styring over forvaltar og sakshandsaming, men forvaltar er administrativt underlagt Statsforvaltaren. statsforvaltaren har ei rolle i oppfølging av forvaltar og eit visst ansvar for arbeidsmiljøet. Forvaltar er dessutan del av eit særskilt godt fagmiljø hjå Statsforvaltaren.

Kurs, seminar og konferansar som verneområdeforvaltaren har delteke på i 2020:

- Digital nasjonalparkkonferanse 16.februar
- Forvaltarsamling i Trondheim 5. og 6.oktober
- Fleire små webinar om offentlege innkjøp arrangert av Statsforvalternes Fellesjenester

### Foredrag

- Foredrag for friluftslivstudentar ved Høgskulen i Volda, 3.mars
- Foredrag for Flora turlag sitt årsmøte 25.november

### Møteverksemd

- Dialogmøte med Miljødirektoratet om nye nasjonalparkar 25.februar
- Avdelingsmøter, seksjonssamling og andre interne møter hjå Statsforvaltaren.
- Møter som tillitsvalt for Naturviterne hjå Statsforvaltaren i Vestland
- Uformelle møter med grunneigarar og andre.

Mykje av møteverksemda i 2021 har blitt gjennomført digitalt på Teams, Zoom eller andre nettbaserte plattformar. Både grunna smittevern, men også fordi digitale møter er effektive og sparer oss for både tid og reisekostnadar.

Verneområdeforvaltaren og naturoppsyn har vore på ein del synfaringar, mellom anna i samband med planlegging, gjennomføring og oppfølging av tiltak og i samband med saker som forvaltar og styre har hatt til handsaming.

## 8. Bilete frå 2021



**Bilete 1.** Ålfotbreen verneområdestyre og verneområdeforvaltaren. F.v: Åsmund Berthelsen (Vestland), Jacob Nødseth (Kinn), Irene Storøy (Bremanger) og Janne Solheim (Gloppen). Bak: Verneområdeforvaltar Alf Erik Røyrvik



**Bilete 2.** Den nye informasjonsskiltet som vart sett opp på den nye busshaldeplassen ved Straumsneskrysset.



**Bilete 3 og 4.** Parkeringsplassen i Grøndalen før og etter utbetringa. Parkeringsplassen vart noko større og fekk betre dekke. Seinare vart det og dett opp rastebord og søppelspann i nærleiken av informasjonsskiltet til høgre.



**Bilete 5, 6 og 7** syner arbeidet med montering av ny bru ved utlaupet frå Skarvevatnet. Brua var eit slags byggesett som vart transportert opp med helikopter og satt saman på staden.




**Bilete 8.** Rune Holen frå SNO inspirerer brua som er konstruert og levert av Arkeoplan AS i Molde. Jørn Kjersem frå Arkeoplan er i ferd med å feste brua til fjellet med boltar.



**Bilete 9.** Gullsmedhytta ligg idyllisk til under fossen rett nedanfor Skarvevatnet. Det er Sogn og Fjordane Energi som eig og brukar hytta.



**Bilete 10.** Sverre Sæten frå SNO jobbar med å feste ny wire i Sælebotskora.  
Ein sliten og tynn wire vart bytta ut med ein ny, solid wire av same type som dei nyttar på via ferrata.



**Bilete 11.** Den nye wiren på det smale og luftige partiet i starten av Sælebotskora.